



## Forskrift om skulekrinsar, Sula kommune

Fastsett av Sula kommunestyre 14.06.2022 med heimel i lov av 17. juli 1988 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 8.1.

### § 1. Definisjonar

#### 1.1 Formål med forskrifta

Formål med forskrifta er å sikre skulane sitt behov for føreseielege vilkår for drift med omsyn til elevtal ved skulen frå år til år, samstundes som elevar og føresette opplever at det er klarheit knytt til tildeling av skuleplass.

Forskrifta skal beskrive kva skule elevar i Sula høyrer til jamfør opplæringslova §8-1, første ledd.

#### 1.2 Virkeområder

Skulekrinsar:

Sula kommune sine skulekrinsar definerer kva skule elevar soknar til basert på folkeregistrert bustadadresse og i tråd med kartgrunnlag som følgjer forskrifta.

### § 2. Tildeling av skuleplass

2.1. Elevar som skal byrje i 1. og 8. klasse, vert tildelt skuleplass ved nærskulen/den skulen eleven soknar til etter vedtekne skulekrinsar.

2.2. Elevar som flyttar i løpet av skuleåret, vert tildelt skuleplass ved nærskulen/den skulen eleven soknar til, etter flytting.

2.3. Dersom det ikkje er plass ved nærskulen etter §§ 2.1 og 2.2 i denne forskrifta, kan kommunen, tildele elevar busett i inntaksområdet plass ved anna skule. Ved tildeling av skuleplass ved anna skule enn nærskulen, vil det gå fram av vedtaket si grunngjeving at nærskulen ikkje har plass til å ta mot alle elevar som bur i og er folkeregisterført på adresse innanfor inntaksområdet.

Unntak frå denne føresegna gjeld barn som har søsken som vil være elevar ved nærskulen jamfør forskrift, når vedtak om skoletilhøyrighet trer i kraft.

Før vedtak vert fatta, skal føresette til barn dette gjeld, verte informert og gitt moglegheit for å opplyse saka.

I tråd med FN sin barnekonvensjon om barn sine rettigheter, artikkel 3, skal ei vurdering av kva som vil være til barnet sitt beste, ligge til grunn for vedtaket. For å sikre at barnets stemme blir høyrte i saker der det er usikkerheit knytt til tildeling av skuleplass, skal rektor i slike saker sørgje for at barnet får moglegheit til å fremme sitt syn i saka på ein god måte. Barnet sine synspunkt skal leggest ved vedtak i saka som eit notat i sak- og arkivsystem.



#### **§ 4. Søknad om skuleplass ved anna skule enn nærskulen**

Etter søknad kan eleven verte tildelt skuleplass ved ein anna skule enn den eleven soknar til ut frå kartgrunnlag som følgjer denne forskrifta. Dette jamfør, Opplæringslova § 8-1, tredje ledd og artikkel 3 om barnet sitt beste-vurderingar i FN sin barnekonvensjon om barn sine rettigheter

Følgjande forhold skal vektleggast:

- dokumenterte særskilde behov
- ønskje om at søsken skal gå på same skule

Søknad om opptak ved eller overflytting til anna skule enn den som følgjer av forskrift om skulekrinsar i Sula kommune (nærskuleprinsippet), skal følgje forvaltningslova sine reglar for sakshandsaming for enkeltvedtak. Det betyr blant anna at kommuna må sørgje for at det ikkje fins usakleg forskjellsbehandling. Vedtaket må være skriftleg og må grunngjevast. Det skal også opplysast om rett til å klage på vedtaket.

Sula kommune kan kreve at foreldra dekker skyssen hvis foreldra har søkt om at eleven skal gå på ein anna skule enn nærskulen. Alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp krev at alle vilkår knytt til forvaltningsvedtak skal være rimelege og saklege. Det vil difor berre vere meirkostnadane som skyldast at eleven ikkje går på nærskulen sin foreldra kan bli pålagt å dekke sjølve.

#### **§ 5. Informasjonsplikt til elevar/føresette**

Forskrifta skal gjerast kjent for elevar/føresette ved tildeling av skuleplass.

#### **§ 6. Tidspunkt for verknad**

Forskrifta gjeld for alle elevar og har verknad frå 14.06.2022.